

Fylkesmannen i Vestland
Kaigaten 9
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1137 - 20/64630

Saksbehandlar:
Lennart Falkenberg-Arell
lennart.falkenberg-
arell@alver.kommune.no

Dato:
14.10.2020

Ynskje om førebels uttale til planløyning før offentleg ettersyn og høyring - Mangersnes bustadområde, planID 12602011000400

Forslagsstillar ynskjer ei førebels uttale frå Fylkesmannen i Vestland til planløyninga (sjå vedlegg 1), før endeleg planforslag vert sendt til kommunen for kontroll før offentleg ettersyn og høyring.

Slik planforslaget no ligg føre som vist ved illustrasjonsplan (vedlegg 2), har kommunen tidlegare gitt tilbakemelding til forslagsstillar at sjølv om kun delar av planen er i strid med overordna plan, er krav om konsekvensutgreiing og planprogram oppfylt, jf. KU-forskrifta § 6 b) vedlegg 1 punkt 25. *Nye bustad- og fritidsbustadområde som ikkje er i samsvar med overordna plan (sjå vedlegg 8).*

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i tidlegare Radøy kommune sitt vedtak datert 24.1.2018 stilte også vilkår om at arealbruk i strandsona må KU vurderast (sjå vedlegg 7 side 8).

Forslagsstillar har lagt ved ei alternativ illustrasjonsplan som viser korleis område vert sjåande ut viss ein bygg ut i tråd med overordna plan (sjå vedlegg 3). Viss fylkesmannen allereie før offentleg ettersyn og høyring kjem med negativ tilbakemelding til opparbeiding av areal utanfor avsett utbyggingsområde i KPA, uavhengig om planen inneheld konsekvensutgreiing eller ikkje, har tiltakshavar moglegheita til spare seg for store kostnader ved og endra planforslaget, slik at krav om planprogram og konsekvensutgreiing fell bort.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Lennart Falkenberg-Arell
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1.Brev til Fylkesmannen_13.10.2020
- 2.Illustrasjonsplan
- 3.Illustrasjonsplan alt2
- 4.Snitt BB
- 5.Snitt CC
- 6.Tidlegare vedtak_27.4.2016
- 7.Siste saksframlegg med gjeldande vedtak_24.1.2018
- 8.Siste vurdering av revidert planforslag_25.3.2020